



Vang kommune

Etat for oppvekst kultur og integrering

Refefat frå møte med Vang ungdomsråd 27.11.19 Vang barne- og ungdomsskule

Tilstade: Jonas (10), Ine (9), Ole-Viljam (9), Amalie (8), Leander (8), Ove Martin, Olav, Harald

Manglar: Solvor (9)

Sak 1: Presentasjon av politisk-kontaktperson Vang kommune.

Vi i u-rådet har fått ein politisk- kontaktperson som heiter Ove Martin Stende, tanken er at det skal bli lettare for oss å kontakte kommunestyret viss det er noko. Vi kontaktar han om nødvendige saker som rår oss, det er mogleg å få uhørde saker i elevrådet til ungdomsrådet og vidare til kommuna viss vi ikkje blir høyrd. Vi fekk ein del informasjon om kommune sida og møter og litt budsjett av Ove Martin. Ine tok opp saken med klubb oppe i kjøkkenet istadenfor i bomberommet, det var mogleg i følge Ove Martin og Olav fordi den kostnaden blir ubetydeleg lita og vi har gode grunner. Den 13 desember skal budsjettet i kommuna vedtaks, vi får lesa den før den blir lagt ut offentleg. Vi tok opp saka med delt barne og ungdomsskule, Ove Martin meinte at detta kunne administrasjonen på skulen ta opp sjølv fordi det ikkje er ein politisk sak men det også kunne han støtte. Åsvang kulturhus saka vert også nemnt og saka er enda ikkje lagt vekk men satt på vent, det nye styret på Åsvang vill ta det opp, og vi har kontaktpersonar som også brenn for saken.

Sak 2: Lillehammer turen

49 stk er det plass til på bussen, antall bestemmer kor mange busser det er. Og den går ifrå kl.8 på Tyinkryset, den er da halv 9 i Vang. Vi prioriterer dei som har vore med i mange år først så dei får nytt rom på Perfect Escape. Det er 4 rom der og vi fordeler folk på dei, etter mat på Peppes Pizza er det ein stund med shopping også reiser vi ca kl.6

Sak 3: Handling til klubb

Lærarane likar ikkje at vi handlar til ungdomsklubben i skoletida fordi vi går glipp av viktig valfag, Ingrid har sagt at vi i 9 klasse kan gå 15 min tidlegare ifrå ein time før matpausen så vi rekk å handle i matfrie. Vi løfter saka til Tor foreslår u-rådet, så vi slepp å krangle med lærarar

Sak 4: Ønskeliste til klubb

Vi ynskjer Minecraft, ps4 kontroller, fifa 2020, JBL høgtalar.



Vang kommune

Etat for oppvekst kultur og integrering

Underskrevet av referent Ole-Viljam Skjefte og resten av U-rådet.